



Alver kommune, Plan og byggesak  
Marianne Aadland Sandvik  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/3350 - 21/28990

Saksbehandlar:

Marte Hagen Eriksrud

marthe.hagen.eriksrud@alver.kommune.no

Dato:

29.04.2021

## Uttale frå plan og analyse til dispensasjonssak-gbnr. 58/151 Lygra indre

Eining for Plan og analyse har den 13. april 2021 motteke dykkar førespurnad om planfagleg uttale for eigedomen gbnr 58/151 Lygra indre.

### Bakgrunn

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplan for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra, og dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona etter pbl § 1-8.

### Planfagleg uttale

Omsynet bak arealføremålet LNF er landbruks-, natur-, og friluftsområde med nødvendige tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag. Plan og analyse vurderer ikkje omsøkt dispensasjon til å ha negativ konsekvens for det omsynet som LNF-føremålet skal sikre. Omsøkt areal ligg i strandsona, men strandsona er ikkje urørt. Det er eksisterande bygg i forkant av omsøkt areal.

### Tilråding

Plan og analyse rår på bakgrunn av ovannemnde til at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet og forbod mot tiltak i strandsona. Omsøkt areal har ikkje verdi som landbruksareal. Strandsona er ikkje urørt, og det er bebyggelse i forkant av omsøkt areal. Det er positivt at bygget er plassert inne på tomta, slik at fjernverknad av bygget vert redusert.

Med helsing

Alver kommune, Plan og analyse

Marte Hagen Eriksrud

Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune, Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG